

Sogn regionråd og Sogndal kommune inviterer kommunane til regionsenterkonferanse 19. oktober. I forkant av konferansen publiserer Sogn Avis i samarbeid med Høgskulen Sogn og Fjordane ein serie på fire kronikkar.

Dette er den fjerde.

## Frukt, bær og verdiskaping



**VERDIEN TIL EIT** produkt er den prisen som produktet kan seljast for i marknaden. Ein skapar verdi gjennom produksjon og dei som deltek i produksjonen – anten ved å stille realkapital eller arbeidskraft til disposisjon – får den verdien som er skapt. I tillegg legg staten beslag på ein del av verdiskapinga sjølv han ikkje bidreg direkte i produksjonen. For å konkretisera skal vi ta eit døme: Ein bonde produserer plommer som han sel for 500 tusen. La oss vidare anta at han har kjøpt gjødsel og sprøytemidler for 50 tusen. Kva er nå verdien og kva er verdiskapinga? Verdien er 500 tusen for det er det plommene vart seld for, men bonden har ikkje skapt heile verdien. Verdien som er skapt av bonden 450 tusen. Grunnen er at ein må trekke frå verdien av sprøytemidlene og gjødsel. Sprøytemidlene og gjødsel ligg bokstaveleg talt innbakt i plommene. Verdiskapinga er med andre ord lik marknadsprisen minus verdien av vareinnsatsen. Denne regelen gjeld gjeld for alle produkt som vert seld i ein marknad.

**LA OSS NÅ** anta at bonden ikkje plukka plommene sjølv. Til å gjere den jobben hadde han hyra inn ein del polakkar. Dei fekk tilsaman 150 tusen i løn. Endrar dette på verdiskapinga? Svaret er nei. Det som vert endra er fordelinga av den verdien som vart skapt. Den verdiskapinga som me har omtala ovanfor er det ein kallar for brutto verdiskaping. La oss forutsette at bonden har brukt traktor og anna utstyr (realkapital) til å produsera plommen. La oss vidare anta at slitastjen av realkapitalen er 10 tusen. Då er netto

verdiskapinga lik 440 tusen. Netto verdiskapinga er altså heile omsetningen minus summen av vareinnsatsen og kapitalslitasjen. Det er netto verdiskapinga som ein har til fordeling mellom dei som deltek i produksjonsprosessen. Korleis vert fordelinga av netto verdiskapinga på 440 tusen frå dømet ovanfor? Staten tek 61 tusen i meirverdiavgift (14% matmoms), polakkane får 150 tusen i løn og bonden får 229 tusen. Det viktigaste poenget er at utan verdiskaping vil det ikkje vera nokon verdiar å fordela. Altså: Ingen verdiskaping, ingen løn. Eit anna poeng er at ei verksemd kan ha høg verdiskaping men ha null i overskott. Det vil vera tilfelle dersom bonden i dømet ovanfor betaler ut heile sin del av verdiskapinga som løn til arbeidarane. Verdiskapinga er med andre ord den kaka som arbeidarane og eigarane av verksemda har til å dele seg imellom og dei har felles interesse av å gjere denne kaka størst mogleg.

**VANLEGVIS ER DET** tre partar som deler verdiskapinga til ein bedrift: Staten skal ha avgift av verdiskapinga. Det er dette me kallar meirverdiavgift. Arbeidarane skal ha løn og eigaren får resten. Dersom eigaren har teke opp lån, må han betale rente på lånet så det er ikkje sikkert at eigaren har så mykje att når alle dei andre har fått sitt. I døme ovanfor vart verdien fastsett ved hjelp av marknadsprisen. Men det er mange ting som vert produsert som ikkje vert seld i ein marknad. Korleis skal ein då måle verdien som vert skapt? I nasjonalrekneskaping nyttar ein regelen: Den verdien som vert skapt er lik løna. Altså, ein offentlig tilsett lege som har ein million

i årsløn, skapar verdier for ein million. Den samla verdiskapinga i heile landet, kallar ein for nasjonalproduktet og det er den verdien vi har til deling blant alle innbyggjarane. Dersom verdiskapingen i eit land er låg, har ein berre nok til mat og vedlikehald av realkapitalen. Har vi derimot høg verdiskaping, så gjev det oss fridom til å investera. Det vil seie å auke realkapitalen i landet. Det kan gjerast ved å bygge nye vegar, flyplassar, skular, fabrikkar osv. Når me aukar realkapitalen, legg me grunnlaget for høg verdiskaping i framtida.

### OFFENTLEGE VERKEMIDLER

Hollandsk sjuke er nemninga ein nyttar for å beskrive den økonomiske stoda i eit land kor ein som eit resultat av store inntekter frå olje eller gassproduksjon, har latt økonomien utvikle seg til å verte fullstendig sentrert kring oljeverksemda. Resultatet av ein slik tilstand er ein ein-sided industristruktur og ein stor tenesteytande sektor. Eit land som lir av hollandsk sjuke får seg ein skikkeleg økonomisk bakrus den dagen det ikkje er meir olje å selje. Då må landet bygge om industrien og satse på andre eksportprodukt. Dette er ein smerteleg omstrukturingsprosess fordi det i stor grad vert vanlege folk som får rekningen i form av arbeidsløyse, flyttepress, omskulering og usikker livssituasjon. Styresmaktene legg opp til ein næringspolitikk som i størst mulig grad tek sikte på å unngå hollandsk sjuke og gjere nedbygginga av oljeindustrien så skånsom som mulig. Men når styresmaktene set opp mål og stakar ut det dei trur er den beste utviklingsbanen til økonomien, må dei ha verkemidler.

**INNOVASJON NORGE ER** ein av styresmaktene sin viktigaste aktørar når det gjelder å gjere økonomiske målsettingar om til praktisk handling. Innovasjon

Norge har saman med Norges forskningsråd og SIVA starta eit program som har som mål å auka verdiskapingen i regionale næringsmiljøer. Programmet har fått namnet Arena. Økonomisk forskning har synt at bedrifter som er geografisk samlokalisert og knytt saman i nettverk ofte står sterkare i den globale konkurransen. Klyngedanning gjev økonomiske fordeler for bedriftene og det ein i Arena-programmet skal utnytte. Bedriftsklynger oppstår sjeldan spontant, det offentlege må ofte hjelpe til i starten. I Sogn og Fjordane er det eitt prosjekt som får slik hjelp:

### FRUKT OG BÆR PÅ VESTLANDET

Prosjektet «Frukt og bær på Vestlandet» er eit nettverk av 22 verksemdar frå fylket. Blandt verksemdene finn me Lærdal grønt, Sognabær, Sognefrukt, Luster grønt, Fresvik kjølelager, Balestrand fruktlager, Gartnerhallen, Lerum fabrikk og Balholm. Målsettingen for prosjektet er å utvikle nye typer juice, syltetøy og helsekostprodukter med bringebær, moreller og plommer som råvarer. Dessutan satsar ein andre typar marknadsføring og andre salskanalar enn dei tradisjonelle.

### PROSJEKTER SOM OPPNÅR


status som Arena-prosjekt får økonomisk støtte. «Frukt og bær på Vestlandet» vil motta ca 5 millionar kroner i stønad frå programmet.

**SOGN OG FJORDANE** har naturgitte føresetnader som gjev konkurransefortrinn når det gjeld smak og kvalitet på frukt. Desse fortrinna kan ingen kopiera. Sjø på Lerum; dei har lukkast, men her er plass til fleire, for marknaden for mat av høg kvalitet vil aldri forsvinna. Prosjektet Frukt og bær på Vestlandet bør derfor ha god sjansar for å lukkast og føre til auka verdiskaping og optimisme i næringslivet i fylket.

#### Om forfattaren:

**Johannes Idsø.**

Han er førstelektor ved Avdeling for økonomi, leing og reiseliv, Høgskulen i Sogn og Fjordane.



Johannes Idsø  
KRONIKK